



Eid kommune

Spesialpedagogisk plan

2013-2017



Plan for tilrettelegging av
opplæringstilbodet for barn,
unge og voksne med særskilde behov

Vedteke: Driftsutvalet
Saks nr: 13/965
Dato: 16.10.13



Forord

Intensjonen med spesialpedagogisk plan 2013-2017 er å gje informasjon om lovverk og rutinar i høve opplæringstilbodet for barn, unge og vaksne med særskilde behov til politisk nivå, tilsette i Eid kommune som har dette som arbeidsfelt og føresette.

Sidan både Eid kommune og Vågsøy kommune har samarbeidsavtale med «Sogn og Fjordane fylkeskommune – PPT Eid og Vågsøy», har vi hatt tett samarbeid med Vågsøy kommune, og planen er difor tilnærma lik i begge kommunar.

Planen har vore ute på høyring i barnehagar, skular og PPT.

Som vedlegg til planen, har vi teke med aktuelle problemstillingar for skuleeigar og PPT frå KS sitt hefte «Drøftingsopplegg rundt økt bruk av spesialundervisning». Desse problemstillingane dannar utgangspunkt for satsing som bør vektleggast i planperioden for å nå målet om best mogleg læringsutbytte for den enkelte og sikring av kompetanse- og organisasjonsutvikling til beste for barn, unge og vaksne.

Innhold

Forord.....	1	11. Vaksne.....	9
Innhold	2	11.1 Rutinar / saksgang	9
Innleiing.....	3	11.2 Tverrfagleg samarbeid	9
1. Mål og kjenneteikn på god praksis	4	Referansar.....	10
2. Informasjonsrutine for barnehagar og skular	4	Vedlegg: Aktuelle problemstillingar for vidare arbeid 2013-2017	11
2.1 Informasjon til tilsette.....	4		
2.2 Informasjon til foreldre	4		
3. Førtilmeldingsfase / tilmelding	4		
3.1 Dialog mellom barnehage/skule og PPT	4		
3.2 Førtilmelding	4		
3.3 Tilmelding	5		
3.4 Melding til barnevern.....	5		
4. Søknad om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning	5		
5. Sakkunnig vurdering.....	6		
6. Enkeltvedtak.....	6		
7. Klage på vedtak.....	7		
8. Individuell opplæringsplan.....	7		
9. Årsrapport	7		
10. Overgangar.....	8		
10.1 Barnehage – 1. årssteg.....	8		
10.2 4. årssteg – 5.årssteg.....	8		
10.3 7. årssteg – Eid ungdomsskule	8		
10.4 10. årssteg – vidaregåande skule	8		
10.5 Vidaregåande skule – voksenopplæring	9		

Innleiing

Barnehagelova § 1 – Formål og opplæringslova § 8-2 presiserer at alle barn i barnehagen skal høyre til ei barnegruppe, og alle elevar i grunnskulen skal høyre til ei klasse. Eit kommune jobbar på grunnlag av eit syn på læring som seier at læring skjer i lag med andre, og sentrale verdiar er inkludering og tilpassing til den enkelte. Ved inkludering har ein fokus på fellesskapet med kunnskap om konsekvensane for den enkelte. Ved tilpassa opplæring har ein fokus på den enkelte med kunnskap om konsekvensane for fellesskapet.

Spesialpedagogisk hjelp - barnehage

Retten til spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova må vurderast på eit sjølvstendig grunnlag, uavhengig av den generelle tilrettelegginga i barnehagen. Retten til spesialpedagogisk hjelp må vurderast ut frå barnet sitt behov og ikkje ut frå tilpassing/tilrettelegging, utbytte og likeverd.

Spesialundervisning - skule

For å vurdere om ein elev har rett til spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova, skal ein vurdere om eleven kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Det er om eleven har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet eller ikkje, som er avgjeraende for retten til spesialundervisning.

Tilpassa opplæring – skule

Retten til tilpassa opplæring er heimla i opplæringslova § 1-3: « Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten».

Tilpassa opplæring inneber blant anna val av metodar, lærestoff og organisering for å sikre at den enkelte utviklar grunnleggande ferdigheter og når kompetansemåla. Tilpassa opplæring inneber ikkje at all opplæring vert individualisert, men at alle sider av læringsmiljøet tar omsyn til variasjonar hos dei som får opplæringa.

1. Mål og kjenneteikn på god praksis

Eid kommune har som mål å gje barn, unge og vaksne med særskilde behov eit best mogleg utbytte av opplæringa.

Kjenneteikn på god praksis:

- Behov er oppdaga og kartlagde tidleg.
- Barnehage/skule samarbeider tett med foreldre gjennom heile prosessen.
- Det er gjort ei grundig vurdering av om eleven ut frå sine evner og føresetnader kan få eit tilfredsstillande utbytte av det ordinære tilbodet før det vert søkt om spesialundervisning.
- Det er lagt til rette for at barnet/elevn kan meistre.
- Faglege og økonomiske ressursar er utnytta til beste for barnet/elevn.
- Det ligg ei grundig sakkunnig vurdering til grunn for opplæringa.
- Rett kompetanse er sett inn i tiltaka.
- Alle tilsette tek eit ansvar for barnet/elevn.
- Barnet/elevn er ein del av eit fagleg og sosialt fellesskap.
- Tverrfagleg samarbeid fungerer.
- Gode overgangar for den enkelte.

2. Informasjonsrutine for barnehagar og skular

2.1 Informasjon til tilsette

Styrarar og rektorar skal ved starten av barnehage- og skuleåret orientere om den spesialpedagogiske planen.

2.2 Informasjon til foreldre

Foreldre skal informerast om rettane som barn og unge har etter kap. 5 i opplæringslova.

Retten til spesialpedagogisk hjelp må og gjerast kjend for førskulebarn som ikkje har plass i barnehage. Dette er helsestasjonen sitt ansvar.

Spesialpedagogiske tiltak føreset eit samarbeid mellom foreldre og barnehage/skule. Dette samarbeidet er særskilt regulert i opplæringslova § 5-4. Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, og det skal leggast stor vekt på deira syn.

3. Førtilmeldingsfase / tilmelding

3.1 Dialog mellom barnehage/skule og PPT

Det er viktig og naturleg med uformell kontakt og dialog mellom barnehage/skule og PPT. Dette gjeld både som ledd i barnehagen/skulen si generelle tilrettelegging av opplæringstilbodet og som ledd i PPT sitt systemretta arbeid.

3.2 Førtilmelding

Når foreldre eller pedagogisk personale er uroa for om barnet/elevn ikkje følgjer forventa fagleg og sosial utvikling, skal ein gjere ei grundig vurdering av om barnet/elevn får eit tilfredsstillande utbytte av det ordinære tilbodet. Med utgangspunkt i eigen

kompetanse, kartlegg, vurderer, justerer og prøver ein ut nye tiltak.

Opplysningsar om utvikling, vanskar og tiltak som har vore utprøvde, skal gjevast så utfyllande som råd i ei førebels utgreiing frå barnehage eller skule. Skulen skal nytte standardiserte prøver som førebels kartlegging/vurderingsgrunnlag.

Dersom det er foreldra/eleven som har bedt om undersøkingar etter § 5-4 første ledd, og skulen konkluderer med at eleven ikkje har behov for spesialundervisning etter § 5-1 første ledd, vil skulen si avgjerd vere eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Dette stiller krav til skriftleggjering og grunngjeving, og foreldra har klagerett, jf. forvaltningslova kapittel 6.

3.3 Tilmelding

Dersom barnehage og skule konkluderer med at barnet/even ikkje får tilfredsstillande utbytte av det ordinære tilbodet, skal dei i samråd med foreldra sende skriftleg melding til PPT. Pedagogisk vurdering frå pedagogisk leiar/kontaktlærar skal ligge ved.

PPT utgreier om det er behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning og gir skriftleg tilbakemelding på om det bør fremjast søknad. Føresette kan uavhengig av PPT si vurdering søkje om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.

Dersom personalet meiner at det er behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, og foreldra ikkje ønsker det, må styrar/rektor varslast. Informert avslag skal dokumenterast.

3.4 Melding til barnevern

Ved informert avslag må styrar/rektor vurdere om det ligg føre forhold som gir grunn for vidaremelding til

barnevernenesta jf. Udir-10-2012 «Skolepersonalets opplysningsplikt til barnevernenesta», opplæringslova § 15-3, barnehagelova § 22, lov om barneverneneste og lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

Når barnehagen/skulen er bekymra for barn/elevar på grunnlag av vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, skal styrar/rektor sende melding til barnevernet jf. lovverk vist til i førre avsnitt. Kommunen må kunne dokumentere at tiltak etter opplæringslova har vore prøvd.

4. Søknad om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning

Barnehage, skule eller andre instansar har ansvar for å gi naudsynt rettleiing og hjelp ved utarbeiding av søknad om spesialpedagogiske tiltak. Det er foreldra som formelt står som søkerar.

Barnehagar og skular i Eid kommune har hovudfokus på arbeidet med søker i januar, men foreldra eller eleven kan når som helst i løpet av opplæringsåret krevje at nødvendige undersøkingar vert gjort, og søkje om spesialpedagogiske tiltak.

Søknad om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning vert sendt til Eid kommune gjennom Oppad web sikker sone. Kopi vert sendt til foreldre og PPT.

Skulen bør legge til rette for at barn som har fylt 7 år får uttale seg. Frå fylte 12 år skal skulen legge stor vekt på eleven si mening.. Etter fylte 15 år kan det vere nok med eleven sitt samtykke.

5. Sakkunnig vurdering

Det må føreligge ei sakkunnig vurdering etter § 5-3 i opplæringslova før enkeltvedtak vert fatta. Den sakkunnige vurderinga er ikkje bindande for kommunen, men er ein rådgjevande uttale til den som skal fatte vedtak. Sakkunnig vurdering har to hovudelement; utgreiing og tilråding.

Sakkunnig vurdering skal greie ut og ta standpunkt til følgjande punkt:

- Utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- Lærevanskar og andre särlege forhold som er viktige for opplæringa
- Om opplæringsmåla er realistiske
- Kva for opplæring som gjev eit forsvarleg opplæringstilbod
- Omfang av eleven sitt behov skal vere i årstimar
- Organisering av spesialundervisninga
- Behov for særskilt kompetanse
- Forslag til arbeidsmåtar

tilleggsuttale i staden for ny sakkunnig vurdering. I samband med overgangane bør det føreligge ny sakkunnig vurdering.

PPT sender den sakkunnige vurderinga til Eid kommune v/kommunalsjef for oppvekst med kopi til foreldre og barnehage/skule.

Foreldre/elev har uttalerett i høve sakkunnig vurdering før enkeltvedtak vert gjort – opplæringslova § 5-4, tredje ledd.

Foreldre har ikkje klagerett på sakkunnig vurdering.

6. Enkeltvedtak

Det er styrar og rektor som gjer enkeltvedtak. For private barnehagar gjer kommunalsjef vedtak.

- Enkeltvedtaket skal gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering.
- Enkeltvedtaket om spesialpedagogisk hjelpe eller spesialundervisning skal vere skriftleg.
- Enkeltvedtaket vert fatta på standardskjema i Acos sikker sone, men grunngjeving for vedtaket skal alltid vere basert på den einskilde sitt behov. Det skal seie noko om innhaldet i opplæringa og kva som er eit forsvarleg tilbod for barnet/elevan.
- Som hovudregel skal opplæring skje i gruppa/klassa. Dersom barnet/elevet vert teken ut av gruppa/klassa, skal dette komme fram i enkeltvedtaket med betre læringsutbytte som grunngjeving.
- Enkeltvedtaket vert gitt i årstimar.

PPT skal gi melding med grunngjeving til kommunen og barnehage/skule viss behandlingstida for sakkunnig vurdering er over ein månad.

PPT kan gjere sakkunnig vurdering over fleire år dersom dei finn det tenleg. Det bør kome fram i søknaden om elev/foreldra vil ha tilråding over fleire år. I slike saker kan det vere tilstrekkeleg med årleg søknad og

- Dersom enkeltvedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngjeving for dette vere ein del av enkeltvedtaket. Avvik kan vere innanfor omfang, område, organisering, personalkompetanse eller avslag på logopedundervisning. Avvik skal drøftast med foreldra.
- I vedtaket må melding om klagerett og klagefrist etter forvaltningslova gå klart fram.
- Enkeltvedtak vert sendt til foreldre, med kopi til Eid kommune, barnehage/skule og PPT.

7. Klage på vedtak

- Ved klage vurderer vedtaksinstans saka på nytt.
 - Denne kan vedta å endre tidlegare vedtak heilt eller delvis, eller å halde fast på tidlegare vedtak.
 - Delvis medhald gjev ny klagerett.
 - Klage som ikkje vert imøtekomen, skal vidare til Fylkesmannen som er endeleg klageinstans. Fylkesmannen si avgjerd kan ikkje påklagast.
 - Foreldre/elev skal ha kopi av saksutgreininga.
 - PPT skal ha kopi av klage og klagehandsaming.
- Dette krev samtykke frå elev/foreldre.

8. Individuell opplæringsplan

Som det går fram av opplæringslova § 5-5, skal ein IOP vise følgjande:

- Mål for opplæringsa, innhaldet i opplæringsa og korleis opplæringsa elles skal føregå.
- IOP vert utarbeidd på bakgrunn av sakkunnig vurdering og enkeltvedtak. Planen skal legge

- vekt på utviklingsutsiktene til barnet/elevn og vere eit arbeidsverktøy for barnehagen/skulen.
- IOP skal samordnast med eventuell individuell plan (IP). Dei som har behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosialtenester, har rett til å få utarbeidd IP.
- Endringar i opplæringsa skal dokumenterast i årsrapporten. Endringa må vere innanfor ramma av enkeltvedtaket.
- Pedagogisk leiar/kontaktlærar er ansvarleg for utforminga av planen, og for at planen vert følgd i nært samarbeid med personen det gjeld, foreldre, spesialpedagog, faglærar og PPT.
- IOP er eit forpliktande dokument som skal nyttast aktivt i samarbeidet mellom barnehage, skule, foreldre, barnet, eleven og PPT i oppfølginga av det spesialpedagogiske arbeidet.
- Styrar/rektor er ansvarleg for at IOP vert utarbeidd i Oppad web sikker sone innan fristen.
- IOP med underskrifter vert sendt til Eid kommune, med kopi til foreldre og PPT innan 20.september.

9. Årsrapport

Det er krav i § 5-5 andre ledd i opplæringslova at barnehagen/skulen ein gong i året skal utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringsa barnet/elevn har fått, og ei vurdering av utviklinga til barnet/elevn.

- Vurdering av tiltaka og barnet/elevn si utvikling må gjerast i forhold til måla i IOP-en, og sjåast opp mot den sakkunnige vurderinga og enkeltvedtaket.

- Styrar/rektor er ansvarleg for at årsrapport vert utarbeidd i Oppad web sikker sone.
- Årsrapport med underskrifter skal sendast til Eid kommune, med kopi til foreldre og PPT innan 20. juni.

10. Overgangar

Det bør innan tilpassa undervisning, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning leggjast vekt på utvikling av nettverket mellom barnehagen og småskulestegetet, mellom mellomsteget og ungdomsskulen, og mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. PPT skal vere med i dette samarbeidet.

Ved overgang barnehage – barneskule, barneskule – ungdomsskule og ungdomsskule – vidaregåande skule, skal foreldra gje samtykke eller avslag på at opplysningar vert gitt vidare til ny avdeling.

Samtykkeskjema ligg i Oppad web sikker sone.

Frist: 1. november

Ansvar: Avgjevande avdeling ved styrar/rektor

10.1 Barnehage – 1. årssteg

Samrådingsmøte mellom styrar i barnehagen og rektor i mottakarskulen.

Emne: Aktuelle søknader om spesialundervisning

Frist: 1. desember

Ansvar: Styrar

Samrådingsmøte i barnehagen mellom heim, PPT, styrar i barnehagen og kontaktlærar i klassen der eleven skal gå.

Frist: 1. juni

Ansvar: Styrar

10.2 4. årssteg – 5.årssteg

Ved kontaktlærarskifte, skal ny kontaktlærar ha aktuell informasjon. Dette kan skje på eit fellesmøte med PPT og heim i samband med ny sakkunnig vurdering.

Frist: 1. juni

Ansvar: Rektor er ansvarleg for at kontaktlærar informerer.

10.3 7. årssteg – Eid ungdomsskule

Informasjonsmøte mellom PPT, kontaktlærar ved Barneskulen og rådgjevar ved Eid ungdomsskule i høve elevar med særskilde behov.

Frist: 1. desember

Ansvar: Rektor ved Eid ungdomsskule

Samrådingsmøte mellom heim, PPT, kontaktlærarane på 7.- og 8. årssteg og rådgjevar ved Eid ungdomsskule.

Frist: 1. juni.

Ansvar: Rektor på barneskule har ansvar for at kontaktlærar på 7. årssteg informerer.

10.4 10. årssteg – vidaregåande skule

For dei som treng ekstra tilrettelagde tiltak i vidaregåande skule, er overgangen ein prosess som må ta til tidleg på ungdomsskulesteget for å prøve å få til ei best mogleg løysing. I dette arbeidet har rådgjevar ved Eid ungdomsskule ei sentral rolle, men rektor har ansvaret for at prosessen vert sett i gang. Det er viktig at dette arbeidet skjer i samarbeid med eleven/foreldra og PPT. Eleven/foreldra må gi skriftleg samtykke i at relevant informasjon kan verte gitt til mottakarskulen.

Ansvar: Rektor ved Eid ungdomsskule

10.5 Vidaregåande skule – vaksenopplæring

Ved overgang til vaksenopplæring i kommunen er det viktig med tett samarbeid med vidaregåande skule, eleven/foreldra, PPT og vaksenopplæringa. Ansvarsgruppemøta er ein god arena for å informere vaksenopplæringa og kunne legge til rette for ein god overgang.

instansar, og slik vert ein del av den individuelle planen (IP).

11. Vaksne

Etter § 4A-2 i opplæringslova har vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, eller som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggande dugleik, rett til spesialundervisning.

11.1 Rutinar / saksgang

Rutinar og saksgang er den same for vaksenopplæring og grunnskule. Viser til punkta i planen som omhandlar tilmelding, søknad, sakkunnig vurdering, enkeltvedtak, klage på vedtak, individuell opplæringsplan og årsrapport.

11.2 Tverrfagleg samarbeid

Avdelingsleiar for vaksenopplæringa skal i samarbeid med vidaregåande skule, fagopplæringa og NAV samordne tiltaksutvikling for ungdomar med behov for tilrettelegging i arbeidslivet, busituasjonen og fritida. Vaksenopplæringa samarbeider med aktuelle instansar om heilskapleg opplegg for dei som treng det.

Tverrfagleg samarbeid er heilt avgjerande for å kunne gje elevane eit godt og variert heiltidstilbod. Det er difor svært viktig at individuell opplæringsplan (IOP) vert laga i tett samarbeid med vernepleietenesta eller andre

Referansar

Opplæringslova og forskrifter

Barnehagelova og forskrifter

Barnelova

Personopplysningslova

Lov om barneverntenester

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester

Forvaltningslova

Læreplanverket for den 13-årige skulen -

Kunnskapsløftet

Rammeplan for barnehagen

Rettleiar for spesialundervisning - Udir

Meld. St. 24 (2012-2013) Framtidens barnehage

Drøftingsopplegg - økt bruk av spesialundervisning- KS

Kvalitetshandboka for barnehagane i Nordfjord

Kvalitetspermen for skulane i Nordfjordregionen

Rutinehandboka for barnehage og skule i Eid kommune

Vedlegg: Aktuelle problemstillingar for vidare arbeid 2013-2017

Barnehage og skule

Tidleg innsats

- Har barnehage og skule ei gjennomdrøfta haldning til kva tidleg innsats skal vere?
- Kva føremål skal spesialpedagogisk hjelp i barnehagen ha?
- Korleis sikrar barnehage og skule rett innsats til rett tid?

Tilpassa opplæring

- Korleis skal vi forstå tilpassa opplæring i vår kommune?
- Treng barnehage og skule køyreregler om forholdet mellom individ og fellesskap?
- Er det klart definert kva som skal vere gjort før tilvising til PPT?
- Sjekkar skulane elevane sine grunnleggande ferdigheter før det vert vurdert tiltak på andre område?
- Når elevane ikkje lærer, held ein fram å vurdere eleven eller vurderer ein planlegginga, tilrettelegginga og gjennomføringa av undervisninga?
- Kva rutinar har skulane i forhold til å gi og å slutte å gi spesialundervisning?

Taklingskompetanse

- Korleis er skulane sin taklingskompetanse i forhold til elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av undervisninga?
- Kva skal taklast i klassen, på skulen, i kommunen?
- Når og korleis vert PPT trekt inn?

Kompetanse

- Korleis sikrar barnehage og skule at dei har riktig og nødvendig kompetanse for å kunne gi god opplæring til alle?
- Korleis arbeider dei tilsette i barnehagar og skular med kunnskaps- og kompetansedeling?

Diagnosar – forenkling eller utfordring

- Fører diagnosar automatisk til vedtak om spesialundervisning utan at læringsutbyttet er vurdert?

Heim- skulesamarbeid

- Korleis arbeider skulane for at tilsette og foreldre saman har fokus på elevane sin rett til læring framfor rett til spesialundervisning?

Tverrfagleg samarbeid

- Kva system har kommunen for samarbeid mellom barnehage/skule, helsestasjon, barnevern og PPT?

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PPT skal hjelpe barnehage og skule i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn, unge og vaksne med særlege behov.

Kontekstforståing

- Kor går grensa for PPT si sjølvstendige rolle?
- Skal PPT vere i den økonomiske verkelegheit?
- Korleis kan kommunen/PPT støtte skulen sitt arbeid for å få til meir praktisk og variert undervisning i alle fag?
- Kva veit PPT om kvaliteten på læringsmiljøet før det vert tilrådd spesialundervisning?
- Har kommunen undervisningskvaliteten på dagsorden – korleis bidreg PPT til dette?
- Er skulane førebudde på dei «vanlege» problema – tar PPT omsyn til dette ved tilråding?
 - Kva skal kontaktlærar/faglærar kunne takle?
 - Kva skal den enkelte skule takle?
 - Kva skal kommunen kunne takle?
 - Når og kvar skal kommunen be om hjelp når den ikkje taklar det sjølv?

Systemretta arbeid

- Har kommunen oversikt over korleis mangelfull læring som er avdekka gjennom resultat av testar, prøver og kartleggingar vert brukt i skulen sitt arbeid?
 - Er det individperspektivet som står i fokus? Leitar ein etter feil og manglar hos eleven?

- Er det systemperspektivet som står i fokus? Leitar ein etter forbettingspunkt for tilpassing av undervisninga?
- Viss inkludering i ordinære klasser er ei målsetting, korleis bør dette påverke PPT sitt sakkunnige og systemretta arbeid?
- Korleis få til ei spesialundervisning som ikkje skaper behov for meir spesialundervisning?
 - Er det eksempel på intensive treningsopplegg som verkar?
 - Har lærarane god nok kompetanse i å trene elevane i grunnleggande ferdigheter?

Kompetanseutvikling og læring i tenesta

- Korleis vert effekten av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning vurdert?
 - Er PPT involvert i denne vurderinga?
- Kva rutinar har PPT i forhold til å vurdere effekten av sine eigne tilrådingar?
- Kva legg PPT i omgrepet «tidleg innsats»?
 - Betyr tidleg innsats tidleg diagnose?
- Kva kompetanse treng PPT for å bidra til ein inkluderande barnehage og skule?